



Dagleg leiar i Uskedal Trelastlager, Finn Guddal, og lagerarbeidar Frode Kroka gjer klar levering til brakkeriggen på Husnes.

Den store Hydroutbygginga på Husnes har positiv effekt på næringslivet i Uskedalen. Dette er mest synleg på vareleveranse og på overnatting. Sist veke fekk Uskedal Trelastlager anbodet på levering av materialer til det som skal vera understellet på brakkeriggen på Bogsnes. Det er Stord Innkvartering ved dagleg leiar Leif Trygve Nilsen som er utbyggjar og som valde Uskedal Trelastlager som leverandør.

Finn Guddal i Uskedal Trelastlager er godt nøgd med leveringa. Det er ein stor og viktig kontrakt for verksemda i Uskedalen. Tre fulle lastebillass gjekk i veka som var til Bogsnes. Materialane var både tryggimpregnert og vanleg justert plank i ulike dimensjonar.

Stord Innkvartering står for innkvartering av arbeidarar i brakkerigg. Verksemda har arbeidsområde over heile landet. Det er bustadmodular med kjøkken, matsal og andre fellesrom. Leveringa frå Uskedalen skal brukast som understell for brakkene.

Hydroutbygginga med oppgradering og opning av B hallen i 2020 og dermed ei dobling av produksjonen har positiv verknad for næringslivet i kommunen. Hydro treng 90 nye arbeidarar og søknadsfristen var faktisk i går, søndag 20. januar.

Uskedalen.no vil i eit seinare innlegg ha fokus på innkvartering og utleige av husrom til innleigde firma i samband med utbygginga på Husnes.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal